

## Kvifor vere konfirmant?

- Du får oppleve kva kristen tru er. Det er noko anna enn eit skulefag.
- Konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein dag der du blir bekrefta for den du er.
- Du får oppleve eit nytt fellesskap med andre på samlingar og leir, og bli kjent med fleire.
- Du får engasjere deg for andre menneske.
- På konfirmasjonsdagen får dei som er glad i deg feire deg.
- Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – og kva som er viktig for deg.
- I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets store og små spørsmål.
- Du får tid til å reflektere, tenke kritisk og sjølvstendig om tru og kva kristendom er.
- Du møter folk med ulike meiningar, og saman med dei lærer du noko felles.

Kontakt oss gjerne på telefon  
924 18 778, eller på e-post [prest@kyrkjetrappa.no](mailto:prest@kyrkjetrappa.no).

**Helsing sokneprest**  
**Sigrun Lønning Solvang**



Denne brosjyren vert sendt til kyrkja sine medlemmer fødde i 2011, og direkte til trosopplæringsabonnentar med born fødde i 2011. QR-koden fører til [kyrkja.no/konfirmasjon](http://kyrkja.no/konfirmasjon).

# No er det din tur

## KONF IRM AN 20 ✝ 26



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kviteseid sokn



## Ei tid for fellesskap og til å tenke sjølv

**Neste år kan du feire konfirmasjonsdagen din i kyrkja!  
Velkomen som konfirmant i Kviteseid sokn!**

### Kva kan eg glede meg til?

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av.

Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjere sterk».

Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når du kjem fram og vert bedt for i kyrkja. I bøna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrke deg på vegen vidare i livet. Konfirmasjonen er ei bekrefting av og påminning om det Gud har gjeve oss i dåpen.

### Korleis ser opplegget ut?

Me har faste samlingar i Kyrkjestøga i Kviteseid med mat, undervisning og fellesskap, og me deltek på gudstenester. I tillegg reiser me på turar, åleine og saman med konfirmantar frå andre stader.

Det sosiale høgdepunktet er felles sommarleir på Gjennestad med andre konfirmantar i Øvre Telemark ei veke sommaren 2026. På sommarleiren ligg det til rette for masse gode opplevingar, felles undervisning og venskap på tvers av kyrkjelydane i Øvre Telemark.

Om ein ikkje ynskjer å delta på sommarleiren, er det mogeleg å heller velje pilegrimsturar i Øvre Telemark fire laurdagar.

### Kven kan bli konfirmert?

Alle kan bli konfirmant i kyrkja! Velkommen uansett om du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Det einaste kravet er at du er døypt innan konfirmasjonsdagen. Om du ikkje er døypt frå før, er det ikkje noko problem. Mange blir døypt i løpet av tida som konfirmant. Er du døypt i eit anna land eller eit anna kyrkjesamfunn, skriv du dette som merknad i påmeldinga.

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ønskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt.

### Informasjonsmøte 14. mai

Alle interesserte – både føresette og konfirmantar – er velkomne til eit informasjonsmøte om konfirmanttida onsdag 14. mai kl. 19.00-20.00 i Kviteseid kyrkje.

Her vil de bli kjent med nokre av oss som leier konfirmantopplegget, og kan spørre om alt de lurar på. Vi vil også fastsetje konfirmasjonsdagane for 2026 i dei ulike kyrkjene.

Denne brosjyra vert sendt ut til dei som alt er døypte eller alt står i vårt adresseregister. Veit du om nokon som ikkje har motteke denne brosjyra, men som du trur kan vere interessert, så sprei invitasjonen!

### Påmelding på [kyrkja.no/kviteseid](https://kyrkja.no/kviteseid)

Påmelding på [kyrkja.no/kviteseid](https://kyrkja.no/kviteseid) opnar etter infomøtet 14. mai. Skriv om du vil ha bibel på nynorsk eller bokmål og kva kyrkje du vil konfirmerast i. Ta og med eventuelle andre tilretteleggjingsbehov. Treng du hjelp til påmeldinga, er det berre å ta kontakt! Frist for å melde seg på er 31. august.